

Vekeplan 10. trinn

Veke 34 og 35

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none">• Kunna argumentera og overbevisa i ein debatt• Kunna dei retoriske formene• Ha ei bok å lese i
Engelsk	<ul style="list-style-type: none">• Lesa, skriva og snakka om å ta val• Reflektera kring det å ta val• Snakka om utdanning og karriere• Bruka verb i futurum (framtidssform)• Bruka skrivestrategiar
Matematikk	<ul style="list-style-type: none">• Korleis du kan finna talet på kombinasjonar for hendingar• Korleis du kan finna sannsyn• Korleis sannsyn kan brukast i statistikk• Vurdering av sannsyn i spel• Korleis du kan simulera sannsyn ved hjelp av eit rekneark
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none">• Kunne forklare korleis politiske institusjonar er bygde opp i Norge• Utforska og forklara grunntankane til dei ulike politiske partia i Norge
KRLE	<ul style="list-style-type: none">• Vita kven Jesus var i ulike perspektiv• Kunna seie litt om kva Jesus betyr for kristendommen
Naturfag	<ul style="list-style-type: none">• Forklara omgrepet/begrepet forbrenningsreaksjonar, og gi noen eksempel på slike reaksjonar• Beskriva korleis organismar skaffar seg energi ved celleanding• Forklara korleis kjemisk energi blir omdanna til andre energiformer ved forbrenning av fossile brensel og hydrogen
Spansk	<ul style="list-style-type: none">• Repetisjon av fjorårets tema: blant anna fortid og framtidssetningar• Arbeida med bindeord og trekkja ein tekst betre saman• Spansk kultur: Cuba og Spania
Tysk	<ul style="list-style-type: none">• Læra presens perfektum og kunne snakka om årstidene.
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none">• Bruka engelsk i munnleg og skriftleg samhandling, tilpassa formål, mottakar og situasjon• Setja seg inn i forhold i eit engelskspråkleg land
Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none">• Produsera og levera varer og teneste etter kvalitetskrav• Planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag• Samarbeida, fremma forslag og delta i beslutningar i eit arbeidsfellesskal
Kroppsøving	<p>Volleyball:</p> <ul style="list-style-type: none">• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar <p>Innsats:</p> <ul style="list-style-type: none">• Praktisera innsats ved å bruka egne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre

	<ul style="list-style-type: none"> • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre
K&H	<ul style="list-style-type: none"> • kunna visualisera form ved hjelp av frihandteikningar og/eller arbeidsteikningar • kunna omarbeida og samanføya ulike materiale • kunna bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna forstå og telje i 12-taktars blues.
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal • Læra om marknadsføring av produkt for sal • Læra om budsjett
Fysisk aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> • Øva på og gjennomføra bevegelsesaktivitetar aleine og saman med andre • Inkludera alle, samarbeida og oppmuntra medelevar til å delta i fysisk aktivitet • Tema: Sup + frisbeegolf
Olweus/ livsmeistring	<ul style="list-style-type: none"> • Ordensreglement, klassereglar og klasse miljø

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR			
Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Matematikk	Open oppgåve i sannsyn	Høg, middels, låg	Veke 36

INFORMASJON TIL HEIMEN
<p>Det var kjekt å treffa alle elevane igjen! Me fekk ei kort veke med skuledag på torsdag og ein kjekk strandtur på fredag. I denne veka startar me opp for fullt med alle fag! Me håper alle er motiverte for å gjera ein god innsats med skulearbeidet!</p> <p>Bøker Elevane får utdelt lærebøker i nokre fag, andre fag har me digitale læremiddel i. Alle bøkene dei får utdelt skal ha bokbind, og dei må behandlast fint og leverast inn att når skuleåret er slutt.</p> <p>Fotografering Denne første veka kjem fotografen på besøk. Alle klassane skal ta gruppebilete, og alle elevane skal ta portrett. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som alle elevane får gratis. Dei får i tillegg tilbod om å kjøpa fotopakker utanom. Dette er valfritt. Sjå på vekeoversikten når din klasse skal fotograferast.</p> <p>Valfag Det vil vere mogleg å gjera enkelte byte dei første vekene i valfag, dersom det er ledig kapasitet i gruppene. Elevane må då ta kontakt med avdelingsleiar. I løpet av året vil ein ikkje kunne byta, då alle fag er avgangsfag.</p>

Ny dagsrytme

Vi har endra på dagsrytmen i år. Elevane har no 5 minutts friminutt to gonger om dagen, og 40 minutt matfriminutt.

Nye vaksne på trinnet

Me har fått tre nye kontaktlærarar på trinnet; Norunn Tveit og Kristin H Thorsen i 10A og Andreas Kvitvær i 10D.

Start og slutt på dagen

Skulen startar kl 08:00 kvar dag. Måndag, onsdag, torsdag og fredag sluttar skulen kl. 14:10 og tysdag kl. 12:10. I år har elevane UTV fram til veke 2. Frå veke 3 skal elevane ha fri denne timen.

Nye fag

I år skal elevane ha utdanningsval, symjing og kunst og handverk som nye fag.

Arbeidslivsfag

Dette året har elevane arbeidslivsfag på torsdag i 6.-7. time. Dei vil ha fri kvar tysdag i 1. time. Det kan vera lurt å minna elevane om å ha med ei god matpakke denne dagen, sidan den blir litt lengre enn dei andre dagane.

Ipad

Me minner om at elevane må ta godt vare på ipaden. Dei fekk ipad utdelt på torsdag, og det er viktig å oppdatera den og alltid lada den opp heime.

Visma Min Skole

For dei som er nye på BUS, så bruker appen Visma Min skole til kommunikasjon mellom skule og heim. Me vil at de lastar ned appen og loggar inn i Time kommune slik at de får meldingar me sender der. Der skal de også melde inn fråvær.

Minskole.no/bus

Følg med på heimesida vår. Der legg me ut vekeoversikt, vekeplan, timeplanar, årshjul, brev og beskjedar. Det er lurt å abonnera på nyheiter frå 10.trinn. Då får du e-post når me legg ut noko nytt. Abonnement må fornyast kvart år

Foreldremøte

Det blir foreldremøte 19. september kl 18.00 i aulen. Meir info kjem etter kvart.

Helsing oss på 10.trinn

HEIMEARBEID VEKE 34

Norsk		Finn deg ei bok. Les 3X20 min i den i løpet av veka. Ta bilete og legg inn boka på ON under "bøker eg har lese" og rapporter sidetalet til norsklæraren din innan fredag.
Engelsk		Gjer oppgåva du finn på OneNote under Heimearbeid – Veke 34
Matematikk		<ul style="list-style-type: none">• Repetisjon av sannsyn (kap. 4 i Matematikk 9).• Alle vil få kopi av kap. 4 i Matematikk.

		<ul style="list-style-type: none"> • Heimearbeid: Oppgåve: 4.12, 4.14, 4.18, 4.19, 4.21
Samfunnsfag		<ul style="list-style-type: none"> • Skriv 10 faktasetningar om eit politisk parti på "høgresida".
Naturfag	1	<ul style="list-style-type: none"> • Energi frå kjemiske reaksjonar (kap. 7 i Solaris 10). • Les s. 167-172 om forbrenningsreaksjonar • Forklar omgrepa energi og branntrekanten • Forklar kva ein forbrenningsreaksjon er og gi 2-3 eksempel
Spansk		Les høgt teksten på side 8-9 i boka Gente 10, to gonger.
Tysk		Les teksten "Vier Jahreszeiten" s. 12. Skriv opp 10 substantiv og 5 verb som du finn i denne teksten. Les om presens perfektum på side 131.
Eng fordj		Vel deg ut eit engelskspråkleg land som ikkje er Storbritannia, USA eller Australia. Finn fakta om landet og skriv dei inn i tabellen du finn på OneNote.
Kroppsøving		Volleyball: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. Symjing: Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD.
Musikk		Me skal spele 12-taktars blues i grupper. Du må heime øve minst 15 minutt i veka på takt og rytme, og passe på at du forstår skifte i akkordane. Du må lære deg å finne fram til det du treng på One Note.
Kantine		Me møter i klasserommet til 10 B

HEIMEARBEID VEKE 35		
Norsk		Les 3X20 min i boka di. Rapport sidetalet til norsklærer innan fredag.
Engelsk		Gjer oppgåva du finn på OneNote under Heimearbeid – Veke 35
Matematikk		<ul style="list-style-type: none"> • Repetisjon av sannsyn (kap. 4 i Matematikk 9). • Alle vil få kopi av kap. 4 i Matematikk 9. • Heimearbeid: Oppgåve 4.27, 4.30, 4.35, 4.39
Samfunnsfag		<ul style="list-style-type: none"> • Skriv 10 faktasetningar om eit politisk parti på "venstresida".
Naturfag		<ul style="list-style-type: none"> • Energi frå kjemiske reaksjonar (kap. 7 i Solaris 10). • Forklar omgrepa fullstendig og ufullstendig forbrenning • Gjer oppgåve 11 s.184
Spansk		Minisamtale på torsdag: du skal fortelja meg tre setningar om fritida di.
Eng fordj		Finn ut meir om det engelskspråklege landet du valde førre veke. Fyll inn i skjemaet på OneNote.
Kroppsøving		Volleyball: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. Symjing: Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD.
Musikk		Me skal spele 12-taktars blues i grupper. Du må heime øve minst 15 minutt i veka på takt og rytme, og passe på at du forstår skifte i akkordane. Du må lære deg å finne fram til det du treng på One Note.

